

Karmøy kommune

Postboks 167

4291 KOPERVIK

Dykkar ref.:

22/7977-6

Dato: **05.10.2022**

Saksnr.: **2022/55010**

Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 143 bnr 7 - dispensasjon - frådeling av bustadhus på landbrukseigedom – fråsegn vedrørande kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad om dispensasjon for frådeling av bustadhus på landbrukseigedom på gnr 143 bnr 7 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

På eigedomen ligg det eit automatisk freda kulturminne, ID 4581 gravminne. Dette kulturminnet er freda i medhald av Kulturminneloven §4. Fylkesdirektøren har ingen merknader til sjølve frådelinga – men vil gjere merksam på at det ikkje er mogleg å gjere fysiske tiltak eller inngrep her, bygge eller anlegge noko her.

Eit kvart tiltak i nærleiken av gravminnet vil vere i strid med kulturminnelovens §3 og det må – dersom aktuelt – søkast om dispensasjon frå kulturminnelovens §8, 1. ledd.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.